



18 - 30 OKT 2024

NYNORSKDAGANE

STEIN TORLEIF BJELLA

INGRID OLAVA & SANDRA KOLSTAD
ENDRE OLSEN & HESTEHANDLARANE

NABOEN MIN - MARIT EIKEMO

JENS KIHLE - ANDERS TOTLAND

Debattar
Føredrag

Familiedagar
Stadnamnvandringar

Ung Alver
Open scene



ALVER KOMMUNE OG MÅLLAGA

TICKETCO.NO - #ELSKARNYNORSK - ALVER.KOMMUNE.NO



Velkomen til Alver kommune sine nynorskdagar!

No er det endeleg tid for Nynorskdagane i Alver, der me feirar og markerer det vakre, nynorske språket! Me i Alver er stolte over det nynorske språket, og denne feiringa er ein hyllest til alt som gjer nynorsken heilt spesiell. I år byr me på ei rekkje fantastiske opplevingar mellom anna musikk, teater, litteratur, samtalar og vandringer – for både store og små.

Nynorskdagane er eit samarbeid mellom Alver kommune, Radøy mållag, Alversund mållag og Meland mållag.

Me opnar festivalen med Endre Olsen & Hestehandlarane, som hyllar vår eigen Ivar Medaas på Samfunnshuset på Sletta, og same dag vert det Open scene for ungdom med Ung Alver på Meieriet, Frekhaug.

Det vert debatt- og panelsamtale, der me set «Nynorsken i mitt liv» i fokus. Her kjem kulturredaktør i Bergens Tidende og forfattar Jens Kihl, som både held innlegg og leier debattsamtalen. Me dukkar djupt ned i nynorsk litteraturen på biblioteket i Knarvik, og me får føredrag og forfattarsamtalar med Marit Eikemo og Anders Totland.

Det vert garantert god stemning når Naboen min spelar barnekonserter på Manger og Frekhaug. I løpet av festivalen vert det familiedag både inne på Frekhaug og ute på dagsturhytta på Byngja, og for ungdom vert det teikneserieverkstad med Ida Neverdahl.

Sandra Kolstad og Ingrid Olava har tonesett eit av Jon Fosse sine verk, og det vert konsert med forfattar og muskar Stein Torleif Bjella på Haugatun på Lindås.

Kompani Aasen tek med seg nynorsk improteater til Frekhaug, og det vert som alltid populære og lærerike stadnamnvandringer.

På biblioteket vil du finna utstillingar med fokus på nynorsk litteratur, så ta turen innom og oppdag nye litterære talent.

Ver med og feir nynorsken saman med oss - Me ønskjer deg gode Nynorskdagar i 2024!

Nynorskdagane er støtta av Fritt Ord.

Program for Nynorskdagane

Dato	Kva	Kor
Fredag 18. oktober kl. 19	Endre Olsen & Hestehand- larane	Samfunnshuset Skogen på Sletta
Fredag 18. oktober kl. 18	Open scene for ungdom med Ung Alver	Meieriet, Frekhaug
Laurdag 19. oktober kl. 12	Opning av Nynorskdagane	Kommunehuset på Frekhaug
Laurdag 19. oktober kl. 12	Internasjonal kafé	Meieriet, Frekhaug
Laurdag 19. oktober kl. 12	Pop-up bibliotek: Hobbyverkstad og lesestund med biblioteket	Meieriet, Frekhaug
Laurdag 19. oktober kl. 12	Ida Eva Neverdahl teikneserieverkstad	Meieriet, Frekhaug
Laurdag 19. oktober kl. 13	Nynorsk i mitt liv - innleiing og debatt ved Jens Kihl	Nordgardsløa, Frekhaug
Laurdag 19. oktober kl. 15	Opning kunstutstilling «Ord og bilete»	Alversund kunst- og kultursenter
Sundag 20. oktober	Barnekonserert med Naboen min	kl. 12 Kommunehu- set Manger & kl. 16 Meieriet, Frekhaug
Sundag 20. oktober kl. 13	Stadnamnvandring på Valle/Mykletun med Alversund mållag. Turleiar er Jostein Mykletun.	Friluftsområdet i Vallevika
Måndag 21. oktober kl. 18	Føredrag: Gro Holm og andre kvinner i nynorsk litteratur med Jan Inge Sørnbø og høgtlesning av Gro Holm ved Håvard Giezendanner	Biblioteket i Knarvik
Onsdag 23. oktober kl. 18	Marit Eikemo foredrag	Biblioteket i Knarvik
Torsdag 24. oktober kl. 19:30	Konsert: "Elv på himmelen" med Sandra Kolstad og Ingrid Olava	Meieriet, Frekhaug

Fredag 25. oktober kl. 19	Konsert: Stein Torleif Bjella	Samfunnshuset Haugatun, Lindås
Laurdag 26. oktober kl. 19	Improteater med kompani Aasen	Meieriet, Frekhaug
Sundag 27. oktober kl. 13	Stadnamnvandring på Isdal med Alversund mållag. Turleiarar er Kjersti Isdal og Johan Myking.	Parkeringsplassen ved Spar Isdalstø
Sundag 27. oktober kl. 13	Familedag på Byngja med Radøy mållag	Dagsturhytta «Sjøbua»
Måndag 28. oktober kl. 12	Senioruniversitetet: Jan H. Landro: Kvifor fekk Jon Fosse Nobelprisen i litteratur, og kvifor nett i fjor?	Knarvik Misjonshus
Tysdag 29. oktober kl. 18	Forfattarsamtale Anders Totland	Manger bibliotek

Laurdag 19. oktober

Opning av Nynorskdagane

Opning av Nynorskdagane
og kulturelt innslag.

I 1843 til 1844 sat han ni månader på
Littlebergen like ved Frekhaug, lytta
til strilemål, skreiv på grammatikken
sin – og venta på stipendpengane
som skulle koma. Bli med å heidra
landsmålets far, Ivar Aasen.

ARRANGEMENT START KL. 12
KOMMUNEHUSET FREKHAUG

Havnevegen 41, 5918 Frekhaug






Foto: Arnulf Østerdal

Fredag 18. oktober

Endre Olsen & Hestehandlarane

SAMFUNNSHUSET SKOGEN
Hellandsvegen 445, 5939 Sletta

DØRENE OPNAR KL. 19:00
Billettpris frå kr. 350

Radøy mållag og Samfunnshuset "Skogen" på Sletta tek imot Endre Olsen og Hestehandlarane denne fredagskvelden med sitt Ivar Medaas-show.

Ivar Medaas er ein av dei mest folkekjære og jordnære artistane me har hatt, frå han slo igjennom med visa "Dar kjem dampen" på byrjinga av 60-talet, til han døydde i 2005, femten album seinare. Endre Olsen & Hestehandlarane freistar å pusta nytt liv i Medaas sin store songskatt, med bluegrasslenande besetning, song-

harmoniar, og meir fokus på den eineståande musikaren enn revyartisten.

Konserten var opprinneleg eit tingingsverk til Den forvitnelege Countryfestivalen på Voss i 2022 og sidan då har Olsen & co reist land og strand frå Riksscenen i hovudstaden til Ole Bull i Bergen. Endre Olsen & Hestehandlarane er: Endre Olsen, Ragnhild Kambo Grov, Jørgen Sandvik, Roald Kaldestad og Anders Bitustøyl.

18 års aldersgrense.
Verjeordning tilgjengeleg.



Fredag 18. oktober

Open Scene

MEIERIET, FREKHAUG
Havnevegen 68, Frekhaug

Ung Alver skal i samband med nynorsdagane arrangere Open Scene for ungdom frå 8. trinn til 20 år på Meieriet, Frekhaug.

Scena vil vera open for alle typar innslag som til dømes instrumental, song, lyrikk osv.

Beste nynorskinnslag vert premiert.

DØRENE OPNAR KL. 18:00
Gratis arrangement

Manglar du noko utstyr til framføringa? Gje oss ein lyd, så kan me gjerne skaffe det

Open kiosk med diverse enkel mat, drikka og snacks.

Laurdag 19. oktober

Opning kunstutstilling

Nordhordland kunstlag opnar kunstutstillinga «Ord og bilete» tretrykk med inspirasjon av tekst av Jon Fosse, laurdag 19. oktober kl. 15. Det vert presentasjon av prosjektet og ein liten performance med tekst.

Utstillinga er og open sundag 20.10 kl 12-16.

**KL. 15 ALVERSUND
KUNST- OG KULTURSENTER**
Nedre Alver 2, 5911 Alversund



Laurdag 19. oktober

Pop-Up Bibliotek med lesestund

DØRENE OPNAR KL. 12:00
MEIERIET, FREKHAUG
Havnevegen 68, Frekhaug

Me flyttar inn litt av biblioteket på Meieriet- her kan ein låna med seg barnebøker. Her vert det og kreativ hobby- og teikneverkstad.

Kl. 12:30 held biblioteket nynorsk lesestund, der både store og små er hjarteleg velkomne. Me ser fram til å sjå deg der!



Laurdag 19. oktober

Internasjonal kafé

DØRENE OPNAR KL. 12:00
MEIERIET, FREKHAUG
Havnevegen 68, Frekhaug

Velkommen til Internasjonal Kafé på Meieriet, Frekhaug!

Deltakarane frå Språkverkstaden inviterer deg til ei spennande smaksoppleving med delikatesser frå heimlanda deira.

Kafeen opnar kl. 12, så du får tid til å nyta ein smakfull matbit før debatten byrjar kl. 13.

Bli med oss for ei kulinarisk reise og gode samtalar!





Foto: Gry Dahl



Laurdag 19. oktober

Teikneseriekurs med Ida Eva Neverdahl

MEIERIET, FREKHAUG

Havnevegen 68, Frekhaug

ARRANGEMENT START KL. 12

Gratis arrangement

Er du glad i å teikne, eller har du alltid drøymt om å lage din eigen teikneserie? No har du sjansen!

Laurdag 19. oktober kjem den dyktige teikneserieskaparen og illustratøren Ida Eva Neverdahl frå Oslo til Meieriet for å halde eit spennande teikneseriekurs for barn og ungdom!

Ida har gitt ut fleire bøker, inkludert teikneserien Jojo på Samlaget og dei populære Floke-bøkene.

På kurset vil ho ta deg med inn i den magiske verda av teikneseriar – her lærer du korleis skapa karakterar, utvikla historier, og kan bli inspirert til å finne din eigen stil!

Kurset passar for både barne- og ungdomsskuleelevar – det viktigaste er at ein syns teikneseriar er gøy! Kom og bli inspirert, teikn saman med andre, og bli betre kjent med det fantastiske teikneserieformatet!



Laurdag 19. oktober

Nynorsk i mitt liv

- innleiing og debatt ved Jens Kihl

NORDGARDSLØA, FREKHAUG
Havnevegen 34, 5918 Frekhaug

Denne laurdagen har me vore så heldige at Jens Kihl, kultureddaktør i *Bergen Tidende*, vil vere innleiar og moderator for ein særskjedd dag med fokus på nynorsk.

Jens Kihl vil opne med ei inspirerande og engasjerande innleiing under tittelen «Nynorsk i mitt liv». Kihl har vore aktiv i målrørsla i mange år, og er ein strålende formidlar av det nynorske språket.

Deretter vil ungdom, deriblant Sebastian Natvik som er leiar i Norsk Mål ungdom, få ordet og dele sine tankar om kva nynorsk betyr for dei

DØRENE OPNAR KL. 12:30
Gratis arrangement

i kvardagen. Kva rolle spelar det nynorske språket i deira liv? Korleis er det å bruke nynorsk i skule og fritid?

Til slutt vert det politisk debatt der lokale politikarar frå Alver kommune vert utfordra på korleis stoda er med nynorsken i kommunal sektor. Korleis skal dei gå fram for å bevare og styrke det nynorske språket i Alver kommune?

Dette vert ein dag fylt med refleksjonar, inspirasjon og viktige diskusjonar om nynorsk i Alver – ikkje gå glipp av det!



Foto: Øyvind Zahl

Sundag 20. oktober

Naboen min

MANGER KINO

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

DØRENE OPNAR KL. 12:00

Billettpris: frå kr. 50/ kr. 150

MEIERIET, FREKHAUG

Havnevegen 68, Frekhaug

DØRENE OPNAR KL. 16:00

Billettpris: frå kr. 50/ kr. 150

Naboen min er eit band samansett av forfattar og låtskrivar Vegard Markhus, og produsent og gitarist Bjørnar Sangolt.

Naboen min har som mål å få ungar til å synge, danse, smile og le. I tekstene finn ein både humor og alvor. Ein får høyre om dansande kroppsdelar, hoppande dyr og folk som treng trøyst. Og om ein vil lære seg nokre gloser på romvesensk, er ein komen til riktig stad.

Høyr på songar som Male himlen blå, Gyli gyli gong gong og Rockesock, og kom og bli med på moroa!

Bandet har gjeve ut platene «Rockesock» og «Alt blir feil». For plata "Rockesock" mottok bandet Spellemannsprisen i kategorien barnemusikk. Dei har òg laga musikken til serien Mine ville venner på NRK Super, samt ein EP med julemusikk. Til Nynorskdagane kjem duoen som trio.



Sundag 20. oktober

Stadnamnvandring på Valle/Mykletun

VALLEVIK FRILUFTSOMRÅDE
5912 Seim

OPPMØTE KL. 13:00
Gratis arrangement

Dersom du lurar du på kva namn som Sva(et), Vallteigen og Likvegen tyder, så kan du få svar ved å melda deg på stadnamnvandringa søndag 20. oktober med Alversund mållag.

Turleiar og omvisar er Jostein Mykletun.

Turen går frå Vallevika oppover mot Svaet, deretter via Vallteigen ut til Mykletun. Frå Mykletun følgjer ein Likvegen attende til Vallevika. Atterhald om vêret (styrtregn).

Parkering og frammøte på parkeringsplassen ved friluftsområdet i Vallevika. NB: Du treng støvlar!




Foto: Agnete Brun

Måndag 21. oktober

Føredrag: Gro Holm og andre kvinner i nynorsk litteratur

KNARVIK BIBLIOTEK
AMFI Knarvik

Eit føredrag med utgangspunkt i bøkene *Nynorsk litteraturhistorie* og *Fire Store*. Under arbeidet med bøkene var det ein observasjon at fleire av dei kvinnelege forfattarane vart offer for omtalar som gjorde dei mindre, meir lokale og meir private enn mannlege kolleger.

I føredraget vert det lagt mest vekt på Gro Holm, som er ein av dei store pionerane i analysen av industrien sin framvekst i Norge. Ho skreiv om Odda-samfunnet tre-fire tiår før Fløgstads Saudaromanar, men er i dag eit nesten heilt ukjent namn.

ARRANGEMENT START KL. 18
Gratis arrangement

Me vert betre kjend med litteraturen hennar.

Jan Inge Sørbø er professor i litteratur i Volda, og faglitterær og skjønnlitterær forfattar.

Frå Alversund mållag kjem Håvard Giezendanner som innleier med smakebitar av Gro Holm sitt forfattarskap og startar dermed opplesingsserien til Alversund mållag på biblioteket denne hausten.



Foto: Agnete Brun

Onsdag 23. oktober

Føredrag: “Vi er brødrene Eikemo” med forfatter Marit Eikemo

KNARVIK BIBLIOTEK
AMFI Knarvik

Marit Eikemo sin siste roman “Vi er brødrene Eikemo” har fått gode meldingar og terningkast seks i aviser og andre medium.

I boka har Marit Eikemo, som sjølv voks opp i Berjaflotvegen 9, skrive ei underhaldande og rørende forteljing om eit hus, ein familie og ein industristad. Boka er ein sørgjesong og ein kjærleikshistorie om alt som går tapt, om det som formar oss, og om krafta som held oss i live.

ARRANGEMENT START KL. 18
Gratis arrangement

Marit Eikemo debuterte i 1999 med intervjuboka *Her, no*. Bøkene hennar er både smarte og underhaldande, og har imponert både kritikarar og publikum med sine presise observasjonar av det norske samfunnet og tida me lever i.

Ho fekk Amalie Skram-prisen 2017 for sin forfattarskap, og var festspeldiktar på Dei nynorske festspela 2018. I 2019 vart ho tildelt Samlagsprisen. I samarbeid med Norli Knarvik. Det vart sal av bøker.



Foto: Ida Bjørvik/ Magdalena Malinowska



Torsdag 24. oktober

Elv på himmelen med Sandra Kolstad og Ingrid Olava

MEIERIET, FREKHAUG
Havnevegen 68, Frekhaug

Elv på himmelen – Jon Fosse i elektronisk drakt med Sandra Kolstad og Ingrid Olava!

På plata Elv på himmelen har den kritikarroste produsenten, låtskrivaren, skodespelaren og artisten Sandra Kolstad tonesett Jon Fosse si diktsamling Stein til Stein.

Albumet «Elv på himmelen» opnar dører til nye verder, der Kolstad sin musikk vert fletta saman med Fosse si poetiske djupn.

DØRENE OPNAR KL. 19:00
Billettpris frå kr. 300

Denne torsdagen på Meieriet, Frekhaug, får du oppleve Kolstad framføra desse magiske tonane saman med den premierte musikaren, songaren og låtskrivaren Ingrid Olava.

Dette er ei framsyning du ikkje vil gå glipp av!



Foto: Agnete Brun

Fredag 25. oktober

Konsert med Stein Torleif Bjella

HAUGATUN SAMFUNNSHUS
Fjellangersvingane 314, 5955 Lindås

DØRENE OPNAR KL. 19:00
Billettpris frå kr. 450

Stein Torleif Bjella er ein av landets aller største visekunstnarar, med ei rekkje utgjevingar bak seg, som til saman har hausta fantastiske kritikkar, og skaffa han trufaste fans over heile landet.

Hausten 2023 slapp Bjella det splitter nye albumet Nysetmåne til strålende omtaler. Plata vart etterfølgd ein lang turné for fulle hus rundt om i landet, kulminerte i ein heilt utseld konsert på Sentrum Scene i Oslo i desember.

Artisten frå Ål i Hallingdal har sluppe dei kritikerroste

studioalbuma "Gode Liv" og "Øvre-Ål Toneakademi", gjeve ut «Bjellasangar arrangert for messing & tre», eit samarbeid mellom Bjella og Kringkastingsorkesteret, og vunne Edvardprisen, Prøysenprisen, Skjæraasenprisen og Bendiksenprisen.

Stein Torleif Bjella er i tillegg ein respektert forfattar, og står bak diktsamlinga "Jordsjukantologien Nr. 1", og romanen «Fiskehuset».

18 års aldersgrense.
Verjeordning tilgjengleg.



Laurdag 26. oktober

Improteater med Kompani Aasen

MEIERIET, FREKHAUG

Havnevegen 68, Frekhaug

Er du klar for ein kveld fylt med latter, overraskingar og uventa vendingar?

Då bør du ta turen til Meieriet, Frekhaug laurdag 26. oktober! Kompani Aasen, kjent for å skape humoristiske og spontane augeblikk, inviterer til ein kveld med improvisert teater der alt kan skjje!

På stikkord frå publikum vert det trylle fram morosame scener med ein herleg nynorsk vri – eit show du ikkje vil gå glipp av.

DØRENE OPNAR KL. 19:00

Billettpris frå kr. 150

Dørene opnar kl. 19:00, og showet startar kl. 19:30. Perfekt for deg som vil ha ein avslappande og underholdande kveld ute!

Bli med på moroa – du har aldri sett teater på denne måten før!

Arrangementet har 18 års aldersgrense. Verjeordning tilgjengleg.



Sundag 27. oktober

Familedag på Byngja

DAGSTURHYTTA «SJØBUA»
Byngja, Fløholmen 58, 5937 Bøvågen

I høve nynorskdagane i Alver inviterer Radøy mållag til familedag på Byngja, ved dagsturhytta, denne søndagen.

Det vert då natursti for heile familien, lesestund i hytta, og det vil vera mogleg å grilla noko på bålpanna dersom de har med det.

Servering av varm drikke til liten og stor. Kanskje dukkar det opp ei overrasking denne dagen?

OPPMØTE KL. 13:00
Gratis arrangement

Startpunkt: Parkeringsplassen for friluftsområdet i Byngja

Turen til "Sjøbua" tek ca. 15 min, 0,7 kilometer.

Grad av tilgjengelegheit: Stien til hytta er lett framkommelig med rullestol og barnevogn.

Kom og ver med og nyt naturen og felleskapen i nynorskens sitt namn!



Sundag 27. oktober

Stadnamnvandring på Isdal

ISDALSTØ

Lindåsvegen 145, 5916 Isdalstø

Isdal er ein gard med mange stadnamn, og Kjersti Isdal dokumenterte denne namneskatten i ei sær oppgåve i 1991.

Dersom du lurar du på kva namn som Torbersmittet, Kyrkjehøyen, Varhøyen, Jonsokkollen eller Gøtena tyder, så kan du få svar ved å delta deg på stadnamnvandringa søndag 27. oktober.

Turleiar er Kjersti Isdal i samarbeid med Johan Myking.

Turen går frå "støe" i Isdalstø

OPPMØTE KL. 13:00

Gratis arrangement

oppover til fellestunet på Isdal. Retur for eiga maskin etter omvisinga.

Atterhald om vêret (styrtregn).

Frammøte/parkering:
Parkeringsplassen ved Spar Isdalstø



Måndag 28. oktober

Jan H. Landro: Kvifor fekk Jon Fosse Nobelprisen i litteratur, og kvifor nett i fjor?

KNARVIK MISJONSHUS

like ovanfor Amfi Knarvik

ARRANGEMENT START KL. 12


Billettpris kr 100 for ikkje-medlemar

Jan H. Landro: Kvifor fekk Jon Fosse Nobelprisen i litteratur, og kvifor nett i fjor?

Dette vil journalist og forfattar Jan H. Landro freiste svare på i eit føredrag som også vil presentere den særeigne forfattarskapen og diktaren.

Jan H. Landro (f. 1948) er tidlegare journalist og kulturredaktør i Bergens Tidende. Han har skrive ei rekkje bøker om litteratur.

Arrangør er Senioruniversitetet.





Tysdag 29. oktober

Anders Totland i samtale

MANGER BIBLIOTEK
Idrettsvegen 15, 5936 Manger

Forfatter og altmoglegmann Anders Totland har gjeve ute mange bøker. Bøker både for barn, ungdom og vaksne.

I 2023 kom den burlleske «feelgood-krimen» om presten og brennevinsmakaren Jakob Juul, «Til jord skal du bli». Den hausta gode kritikkar, og gjekk som ein farsott over i alle fall Vestlandet.

I år slo Totland til med bok nummer to om denne litt galne presten. Boka har fått namnet «Til døden skil oss».

ARRANGEMENT START KL. 18
Gratis arrangement

Kan du gå glipp av ein samtale med dette oppkommet av ein forfatter?

Som ein kuriositet. Anders vart så gira på dette bokprosjektet, at han kjøpte seg ein Volvo 245, akkurat lik den som er på framsida av den siste boka hans. Kom og høyr kva Anders Totland kan fortelja oss!

I samtale med bibliotekar Silje Namtvedt.



Nynorskstafetten kjem til Alver!

Tre veker kvar haust tek Noregs Mållag og Norsk Målungdom med seg eit knippe nynorskorganisasjonar ut på stafett til ulike delar av landet der det er nynorskelevar i skulen.

Då snakkar dei med mellom anna ordførarar, bedrifter, rektorar, lærarar og elevar for å høyra kva som skal til for å gjera det lettare å bruka nynorsk i deira område.

Målet er å lytta, læra, spreia kunnskap og gje ny kveik i arbeidet for nynorsk i eit land der bokmål dominerer. Nynorskstafetten var skipa til fyrste gong i Språkåret 2013.

Nynorskstafetten startar i år den 28. og 29. oktober i Alver, før den fer vidare til Øygarden og Arna seinare same veke.

I år er Nynorsk bedriftsforum, Nynorsk kommunane (LNK) og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa med på stafetten.

I tillegg til har Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, ansvar for kulturprogram for elevar i skulen og for vaksne. Dei koplar seg på Nynorskveka i Alver, og vil bidra til siste del av markeringa i kommunen.



